# Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

## Delområde 3 Førde

Lenke til innspela:

https://www.sveio.kommune.no/plan-bustad-og-eigedom/plan-bygg-og-eigedom/planarbeid/planprosessen-for-kommuneplanen/

## Innhald


OVERSIKTSKART ... 3

1. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF) ... 4

18.14157 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 95/2 og 18.14158 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 95/1 ... 4

20.14978 Bustader, gbnr. 121/122 og 21.15139 Bustader, gbnr. 121/162 ... 7

21.13675 Bustader, gbnr. 121/151 ... 10

23.3664 Bustader, gbnr. 102/4 ... 13

2. FRITIDSBUSETNAD ... 16

19.13290 Fritidsbusetnad, gbnr. 97/1 ... 16

22.13429_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 121/311 og 22.13429_2 Fritidsbusetnad, gbnr. 121/312 ... 19

3. FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL ... 22

18.14694 Fritids- og turistføremål, gbnr. 110/4 ... 22

4. NÆRINGSBYGNINGAR ... 25

18.18018 Næringsbygningar, gbnr. 95/1, 2 ... 25

5. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG ... 28

16.11507_1, 16.11507_3, 19_4863_1 og 19.4863_2 Andre typar bygningar og anlegg (naust), og 19.4863_3 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 102/31 m.fl. ... 28

16.11507_2 og 22.4788_1 Andre typar bygningar og anlegg (naust) og 16.11507_4 og 22.4788_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 102/4 m.fl. ... 31

19.13898 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 84 /1 ... 34

20.10857_1 Andre typar bygningar og anlegg (naust), og 20.10857_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 104/4 ... 37

6. KOMBINERTE FØREMÅL ... 40

18.14953_1 Kombinert føremål (bustader og fritidsbustader), gbnr. 102/30, 12 ... 40

23.7327_4 Kombinert føremål (Hamneområde i sjø og næringsbygningar), gbnr. 109/3 ... 43

23.7327_8_2 Kombinert føremål (Småbåthamn og hamn), og 23.7327_8_2_1 Kombinert føremål (Næringsbygningar og bustader), gbnr. 121/12 m.fl. ... 47

23.7327_9 Kombinert føremål (Hamneområde i sjø og næringsbygningar), gbnr. 113/4 ... 51

7. FLEIRE FØREMÅL ... 54

16.11759_1 og _2 Fritidsbusetnad, 16.11759_3 Andre typar bygningar og anlegg (naust) og 16.11759_4 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 105/5 ... 54

16.3111_1 Fritidsbusetnad, 16.3111_2 Naust, 20.1431 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), 23.2034 Fritidsbusetnad, gbnr. 107/2 og 42 ... 58

17.17056_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 118/2 og 17.17056_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ................ 62
19.5274_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 29/17, 19.5274_2 Andre typar bygningar og anlegg (naust) og 19.5274_3 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ........................................................................................................... 66
23.3494 Fritidsbusetnad, gbnr. 106/5, 20.14515_2 Fritidsbusetnad, gbnr. 106/14 m.fl., 20.14515_1 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 106/5 m.fl. og 20.14515_4 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ........ 69
23.3666_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 106/2 m.fl., 21.15108_2 og _3, og 23.3666_3 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 106/2 m.fl., 21.15108_4 og 23.3666_4 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ................................... 74
23.7327_8_1 Fritids- og turistformål, gbnr. / og 23.7327_8_1_1 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ..... 79

# OVERSIKTSKART



# 1. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF)

## 18.14157 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 95/2 og 18.14158 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 95/1

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>LNF spreidd bustad | **Arealendring**<br><br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>18.14157 (1): LNF spreidd bustad<br>18.14158 (2): LNF spreidd bustad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.14157 (1): 21,8 daa. Innspelet er avgrensa etter eigedomsgrenser og skildring av ønska plassering i innspelet<br>18.14158 (2): 2,2 daa |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før, men det er etablert spreidd busetnad og infrastruktur i området. Området er kupert og ber preg av landbruksaktivitet. Området ligg søraust-vendt med gode solforhold. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet<br>1: Areal-/støykonflikt nytt næringsareal |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: skog med høg bonitet<br>2: innmarksbeite<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Småkupert ås- og fjellandskap under skoggrensen med bebyggelse/infrastruktur (NiN). Innspela ligg innan- | Ei utbygging vil medføre inngrep i landskapet. Området er prega av spreidd utbygging, og ei vidare utbygging i området vil såleis | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | for landskapstype Vestlandets skogsåser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>1: Landskapet er særs kupert, og ligg eksponert til på Stølshaugane. Terrenget strekk seg oppover i frå kote +55 i sør mot kote +100 i nord. Området er sørvendt.<br>2: Arealet består av innmarksbeite som skrår mot aust. Like bak ligg Tveitalifjellet på om lag +162. Arealet ligg i bakkant av tre bustader.<br><br>1: Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/<br>2: Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 17,3 daa skog med høg bonitet.<br>2: 2,2 daa innmarksbeite. | 1: Ei utbygging medføre tap av skog med høg bonitet.<br>2: Ei utbygging medfører tap av innmarksbeite. Heile innspelet er registrert som innmarksbeite. | 1: -1<br>2: -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustadtomter i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er privat veg fram til E39, der det er kollektivtilbod og ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande bustadområde, som her ber preg av spreidd utbygging. Området ligg nære Haukås, men om lag 5 km i frå Sveio sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Innspelet vil såleis krevje skuleskyss, og ikkje byggje opp under senterstrukturen i kommunen.<br>Område 1 ligg også tett på nytt tilrådd næringsområde, med potensiale for interessekonfliktar (sjå markering i kart, der deler av næringsinnspelet viser i vest). | | -2 |
| **Karbonrike areal** | 1: 17,3 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 2,2 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1: Tilgrensande i vest er det spelt inn ei utviding av eksisterande næringsareal (18.18018), der det går føre masseuttak. Innspelet er vurdert positivt tilrådd då det vil vera av samfunnsnytte for vidare næringsverksemd for området. Etablering av bustader tett inntil det utvida næringsarealet kan potensielt skapa interessekonfliktar for næringsutøvinga.<br>2: Ikkje relevant. | | 1: -1<br>2: X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg relativt lite sentralt plassert i forhold til etablert senterstruktur, men grensar til eksisterande område for LNF spreidd, med infrastruktur. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering.<br>Ei utviding av LNF-spreiddarealet vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for samfunnsnytte eller berekraft, då det vil vera snakk om få einingar. | | |

| ROS-analyse | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg utanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Det er registrert fleire ulykker på E39. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelsområdet ligg tett til utvida masseuttak i sørvest, som vil kunne føre til støy i innspelsområdet. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Terrenget vil vera avbøtande mot. støy og støv i frå utvida masseuttak i sørvest. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 3 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 0 | -1 | 0 | 1: -1<br>2: -2 | -1 | -2 | -1 | 1: -1<br>2: X |

Innspelsområda er i dag urørte, men ligg inntil eksisterande spreidd busetnad. Det er etablert infrastruktur til området.
1: I tilgrensande i vest er det spelt inn ei utviding av eksisterande næringsareal (masseuttak). Etablering av bustader tett inntil det utvida næringsarealet vil verke negativt for næringsutviklinga i området, og samstundes vil eit masseuttak vera negativt for nye bustader i området mot. støy og støv m.m. Det er allereie sett av eit større område til LNF spreidd, der det er mykje ledig areal. Innspelet vert på bakgrunn av dette tilrådd negativt.
2: Heile innspelet består av innmarksbeite, og det er mykje ledig areal i tilgrensande LNF-spreiddområdet. Innspelet vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, innspelsområde 1: støy

**Fagleg tilråding innspel 1 (18.14157) og 2 (18.14158): Negativ tilråding**

## 20.14978 Bustader, gbnr. 121/122 og 21.15139 Bustader, gbnr. 121/162

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>20.14978 (1): Bustader<br>21.15139 (2): Bustader | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 20.14978 (1): 4,8 daa<br>21.15139 (2): 1,6 daa |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før, men det er etablert spreidd busetnad og infrastruktur i området. Området er kupert og ber preg av landbruksaktivitet. Området ligg søraustvendt med gode solforhold. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet<br>Arealkonflikt næringsareal<br>2: Arealkonflikt framtidig trasé E39 |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med middels bonitet<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogsåser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet er kupert, og skrår ned mot E39 der det flatar ut. Området | Det er fleire etablerte bustader i området, og innspela vil vera ei fortetting av det etablerte bustadområdet. Ei vidare utbygging i området vil medføre terrenginngrep og negative landskapskonsekvensar, men vil ikkje medføre vesentlege endringar i området. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | rundt dei aktuelle tomtene er bygd med einebustader.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | 1: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne inn-anfor eller i nærleiken av innspela. Like nord ligg kulturmiljøet H570_13B (gamle Tittelsnesvegen).<br>2: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar, då arealføremålsendringa er vurdert å ha avgrensa verknader for det registrerte kulturmiljøet. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 4,8 daa skog med middels bonitet.<br>2: 1,6 daa skog med middels bonitet. | Ei utbygging medføre tap av skog med middels bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustad-tomter i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er private vegar fram til E39, der det er kollektivtilbod og fortau. Det er ikkje overgang over E39 i frå innspels-område 2 til side med fortau.<br>KPA syner ny trasé for E39 like i bakkant av innspelsområde 2, som må takast omsyn til. Det ligg fleire bustader nærare traséen enn innspels-området. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei fortetting av eksisterande bustadområde. Området ligg ved Hanaleite næringsområde, og om lag 1,5 km i frå Førde, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Innspela vil såleis dels byggje opp under lokalsenteret Førde.<br>Innspela ligg relativt tett på etablert industriområde, og innspel 1 ligg berre om lag 10 meter frå E-39. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 1: Mindre areal (4,8 daa) skog med middels bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: Mindre areal (1,6 daa) skog med middels bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur. Innspela ligg gunstig plassert i forhold til sentrum i Førde, og områda er såleis gode med omsyn til lokalisering av nye bustader. Områda ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. Dette er likevel mindre areal i eit område med kringliggande busetnad. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg utanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |

| Menneske- og verksemdbaserte farar | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Det er ikkje trygg overgang i frå innspelsområde 2 til fortau langs E39. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 1: Det er gul og raud støysone langs E39. Området ligg på andre sida av E39 for Hanaleite næringsområde.<br>2: Området ligg like ved Hanaleite næringsområde. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 1 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 0 | -1 | 0 | -1 | -1 | 0 | 0 | X |

Innspelsområda er i dag urørte og kuperte skogsområde. Det er etablert infrastruktur til området. Innspelsområda ligg nær sentrum i Førde og vil innebere ei fortetting av eksisterande spreidd busetnad. Det er ikkje vesentlege negative konsekvensar ved innspela, men lokaliseringa kan vere uheldig med omsyn til nærleik til etablert industriområde og E-39, med tanke på mellom anna støyproblematikk.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel 1 og 2 (20.14978 og 21.15139: Positiv tilråding; arealføremål Spreidde bustader (LNF), og sjå på kvote for bustader i fortettingsområda på kvar side av E39.**

## 21.13675 Bustader, gbnr. 121/151

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>KPA: LNF<br>KPD Førde: LNF<br><br>**Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Bustader (tre eksisterande bustader) | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 8,9 daa |
| **Skildring av området** | Arealet omfattar tre eksisterande bustader, og tilhøyrande etablert infrastruktur. Arealet ligg på ei lita kolle, i eit område med spreidd busetnad like sør for Førde sentrum. Storparten av arealet er innlemma i KDP Førde sentrum (som LNF). Området ligg nord-vestvendt med gode solforhold. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet<br>Arealkonflikt framtidig trasé E39 |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: bygd areal, samt skog med særs høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er i området består av dyrka mark omkransa av kupert terreng. Arealet ligg på ei utbygd kolle aust for E39.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>[https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Området er i frå før dels utbygd, og ei endring av arealføremål i tråd med bygd situasjon vil ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området.<br>Terrenget stig sør for dei etablerte bygga, og ei utbygging i dette området vil medføre terrenginngrep i eit kupert terreng. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor innspelet. Like nord går H570_13B (gamle Tittelsnesvegen), og aust for innspelet ligg H570_72A (gardstun). | Området er i frå før utbygd, og ei endring av arealføremål i tråd med bygd situasjon vil ikkje med-føre vesentlege konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 5,6 daa skog med særs høg bonitet. | Ei endring av arealføremål til ut-byggingsføremål vil medføre tap av 5,6 daa skog med særs høg bonitet. Ettersom arealet er dels utbygd i frå før vil konsekvensane vera avgrensa. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt dei utbygde bustadtomtene. Det er privat veg fram til fv. 4944. Langs E39 er det kollektivtilbod og fortau. Det er trygg undergang under E39. Det er ikkje overgang over fv. 4944 men trafikken er her låg.<br>KPA syner ny trasé for E39 like i bakkant av innspelsområde 2, som må takast omsyn til. Bustadane er etablert i innspelsområdet. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Området ligg i Førde sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg, og innspelet vil såleis byggje opp under Førde med senterfunksjonar. Det vil ikkje vera behov for skuleskyss. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 5,6 daa skog med særs høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. Ettersom arealet dels er utbygd i frå før vil konsekvensane vera avgrensa. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit dels utbygd område, med etablert infrastruktur. Det ligg godt plassert i forhold til sentrum i Førde, og området er såleis godt plassert med omsyn til lokalisering av nye bustader. Området ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br>Deler av arealet er i dag urørt område, og ei utbygging vil såleis vere negativt i eit miljøperspektiv. Det er likevel snakk om eit mindre areal i tilknyting til eksisterande bustader. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg i all hovudsak ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg utanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Det er ikkje trygg overgang over fv. 4944. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. regulerings-plan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul og raud støysone langs E39. Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg like i nærleiken, i Førde. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **0** | **0** | **-1** | **+1** | **0** | **X** |
| Innspelet inneber dels ei retting av plansituasjon i tråd med utbygd situasjon, men innspelet vil gje plass til fleire einingar i området. Innspelsområdet ligg i sentrum av Førde, og er i dag utbygd med tre einebustader. Ei endring av arealføremål i tråd med bygd situasjon vil ikkje medføre vesentlege konsekvensar. Det vil også vera positivt å leggje til rette for fleire bustader i Førde sentrum.<br><br>Innspelet må vurderast i samanheng med utvikling av Førde sentrum, når kommunedelplanen vert rullert neste gong.<br><br>ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding** | | | | | | | | |

## 23.3664 Bustader, gbnr. 102/4

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF-spreidd bustader | **Arealendring**<br><br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Bustader | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 17,4 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet har føremålet LNF spreidd i dag. Det er etablert eit våningsbygg og to mindre bygg innanfor innspelsområdet, men det er ikkje etablert infrastruktur. Området elles består av spreidd utbygging (bustader og naust). Området er kupert og ber preg av landbruksaktivitet. Området ligg på ei kolle med gode solforhold. Nordleg del ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: impediment, skog med middels bonitet<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Nordleg del ligg innanfor funksjonell strandsone, som i området er dels definert som pot-ensielt tilgjengeleg (inngrepsfri), | Ei utbygging med bustader i nord vil medføre privatisering av stra-ndsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for frilu-ftsliv. Ein kan unngå ytterlegare | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | med varierande hellingsgrad «noe» til «stor» (mellom 3 og 25 grader). | nedbygging dersom ein avgrensar innspelsområdet i nord. | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskaps-verdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er særs kupert, og ligg på ei kolle mellom sjø i nord og E39 i sør. Området rundt er bygd med spreidde bustader og naust, samt landbruk.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Det er andre inngrep (bustader og naust) i området rundt i frå før, men deler av området ligg eksponert på ei kolle. Ei utbygging i nord vil òg medføre særs synlege inngrep i strandsona | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 13,5 daa skog med høg bonitet.<br>0,3 daa skog med særs høg bonitet. | Ei utbygging medføre tap av eit skogsareal med høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustad-tomter i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det må etablerast tilkomstveg til fv. 4984, som er utan fortau og veglys. Langs E39 er det kollektivtilbod og fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei vesentleg fortetting av eksisterande spreidd utbyg-de bustadområde. Området ligg i overkant av 4 km frå Førde sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Dette vil innebere skuleskyss for elevar i 1. -10. klasse (over 4 km). | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Areal (13,5 daa) skog med høg bonitet, samt eit mindre areal med særs høg bonitet (0,3 daa), som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Nordre del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strandsone. Denne går noko framom 100-meterbeltet i området. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona.<br>Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad.<br>Nordleg del av innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.  | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit relativt urørt område utan etablert infrastruktur. Det er i overkant av 4 km til sentrum av Førde, og området ligg såleis relativt langt frå sentrumsområde i kommunen. Utbygging i strandsona vil medføre privatisering av | | |

| | |
|---|---|
| | eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag. Deler av innspelet er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Vestleg del (ny tilkomstveg) ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs fv. 4084, men det finst alternativ veg for mjuke trafikantar fram til fortau og kollektivtilbod langs E39. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul og raud støysone langs E39. Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 4 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **-2** | **0** | **-1** | **-1** | **-1** | **-1** | **X** |

Innspelsområdet er i hovudsak urørt, og ligg på eit kupert kolle. Det er ikkje etablert infrastruktur til området. Det er dels vesentlege negative konsekvensar av innspelet. Området ligg i overkant av 4 km i frå Førde sentrum. Det ligg såleis relativt lite sentralt plassert i forhold til sentrumsområde i kommunen, og vil mellom anna innebere skuleskyss. Dette er såleis ikkje eit område ein ønskjer å prioritere for fortetting. Området er allereie avsett til spreidde bustader, som er meir høveleg for området etter ei heilskapleg vurdering.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

# 2. FRITIDSBUSETNAD

## 19.13290 Fritidsbusetnad, gbnr. 97/1

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritidsbusetnad |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 68,9 daa |
| **Skildring av området** | Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområdet, inkludert tilkomst. Det er etablert nokre fritidsbustader i området lenger vest. Innspelsområdet er småkupert og består av myrlendte areal med skog. Arealet ligg i all hovudsak innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Strandsone (langs vassdrag)<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg-særs høg bonitet, impediment.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar, men det er registrert ål (EN) og aure (LC) i Moldbrekkvatnet. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspelet ligg i strandsona langs Moldbrekkvatnet, og det er nokre stiar i området. | Ei utbygging vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv.<br>Som avbøtande tiltak kan ein avgrense utbyggingsområdet langs Moldbrekkvatnet. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN).<br>Innspela ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogsåser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. | Området er i frå før utan tiltak, og ligg til eit større ubygd område.<br>Det er etablert fritidsbustader lenger vest, og eit nytt område med fritidsbusetnad lenger aust vil medføre endringar i landskapsuttrykk. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelsområdet er småkupert og består av myrlendte areal med skog.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 0,1 daa skog av særs høg bonitet, 58,1 daa skog av høg bonitet, og 10,4 daa impediment. | Nedbygging av eit betydeleg areal med skog av høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i området. Det er ikkje kollektivtilbod, fortau eller veglys langs kommunal veg Nesevegen. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med fritidsbusetnad. Innspelet ligg om lag 6 km frå Sveio sentrum, og 8 km frå Førde sentrum. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | 0,1 daa skog av særs høg bonitet og 58,1 daa skog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. Det ser ut på kart og flyfoto som det er ein del myrområde innanfor innspelet, sjølv om dette ikkje er registrert. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritidsbusetnad. I samsvar med vassressurslova § 11 skal det sik-rast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag som motverkar avrenning, og er levestad for plantar og dyr.<br>Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstilstanden i Moldbrekkevatnet og Nesavat-net god. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjons-belte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum (Moldbrekkvatn). | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vil ikkje verta råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje vegframføring til området, og det er ikkje etablert fortau langs kommunal veg Nesevegen. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 4,5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **-2** | **-1** | **-2** | **X** |

Innspelsområdet er i dag eit urørt skogs- og myrlendt område. Ei nedbygging av området vil vera negativ mot. karbonrike areal. Det er ikkje etablert infrastruktur i området. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde innanfor funksjonell strandsone, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige og strandsoneomsyn.
Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 22.13429_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 121/311 og 22.13429_2 Fritidsbusetnad, gbnr. 121/312

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>KPA: Bustad, bevaring kulturmiljø H570_10<br>KDP Førde: Naust | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>22.13429_1 (1): Fritidsbusetnad<br>22.13429_2 (2): Fritidsbusetnad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 22.13429_1 (1): 0,2 daa<br>22.13429_2 (2): 0,2 daa |
| **Skildring av området** | Det er etablert naust med tilhøyrande kai innanfor innspelsområda i frå før. Arealet er i frå før regulert, og er del av eit etablert naustmiljø i Vågen, vest for Førde. Arealet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje registrert i dette området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Bygd område<br>Naturtypar: Ingen registreringar. I sjø utanfor innspelsområda er det registrert ålegras.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Innspelsområda er allereie bygd ut, og ei endring i arealføremål vil få avgrensa verknadar for naturmangfald. | 0 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Strandsona i området er definert som potensielt tilgjengeleg (inngrepsfri), med «noe» hellingsgrad (mellom 3 og 10 grader). | Slik området er bygd ut i dag (naust), gir det tilgjenge til sjøen langs bryggene. Ei endring til fritidsbusetnadføremål vil medføre at strandsona i området i større grad vert privatisert og utilgjengeleg for ålmenta. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området består av eit skogkledd kystlandskap, som skrår | Utbyggingsområda ligg eksponert i strandsona, som del av eit etablert naustmiljø. Innspelet er allereie planert og bygd ut med naust. Ei endring i frå arealføremålet naust til fritidsbustader vil medføre mindre endringar i landskapsuttrykk. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | seg i frå kote +30 ned mot sjø. Det er etablerte naust i området.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. Innspelsområda ligg innanfor registrert sjøbruksmiljø H570_144B. Det er registrert ruinar etter naust på staden, men desse er truleg vekke. | Innspelet vil ikkje påverke kulturmiljøet. | 0 |
| **Naturressursar** | Ingen registreringar på land. I sjø er det registrert ein kaste- og låssettingsplass som er noko brukt. | Ei endring i arealføremål på land er vurdert å ha avgrensa verknader på registrert kaste- og låssettingsplass. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande naust. Det er kollektivtilbod langs E39. Det er veglys langs Tingvegen, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område med naust, nær Førde sentrum, 5-600 meter frå butikken. Eit avgrensa omfang gjer at ei slik føremålsendring ikkje vil påverke nærmiljø eller stadutvikling i særleg grad. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, og ønska arealbruk er fritidsbustad. Funksjonell strandsone er ikkje registrert i dette området. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona.<br>SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Hav-, fjord- og strandavsetning. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert løysing for mjuke trafikantar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 0,5 km frå innspelsområda i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0** | **-2** | **-1** | **0** | **0** | **-1** | **0** | **0** | **X** |

Innspelsområda er bygd ut med naust i dag, og kommunedelplanen viser området som naust. Infrastruktur er alle-reie etablert. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere område for bustader- og fritidsbustader i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Fritidsbustad i strandsona medfører vesentleg meir privatisering enn naust, og innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland/SPR. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning og trafikktryggleik.

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

# 3. FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL

## 18.14694 Fritids- og turistføremål, gbnr. 110/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF og småbåthamn | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritids- og turistføremål | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 6,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ved Ålfjorden, i nærleiken av Selsås. Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområdet, som grensar til ein privat veg og ei småbåthamn i sør. Det er elles etablert eit par bustader og fellesnaust (utleigeboder) i området rundt. Innspelsområdet fell bratt ned i frå kote +30 ned til sjø i aust. I bakkant ligg det ei kolle på kote +45. Arealet ligg i all hovudsak innanfor funksjonell strandsone, som føl byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Strandsone<br>Landskap |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med særs høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspelet ligg i hovudsak innanfor funksjonell strandsone, som i området er dels definert som potensielt tilgjengeleg og dels som utilgjengeleg grunna etablert einebustad. | Det er etablert tiltak i tilgrensande område frå før. Ei utbygging vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Relativt åpent fjordlandskap med tettsted (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelsområdet fell bratt ned i frå kote +30 ned til sjø i aust. I bakkant ligg det ei kolle på kote +45. Området rundt er spreidd utbygd.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbyggingsområdet ligg inntil ei kolle i strandsona, og skrår ned mot sjø der det er etablert tiltak i frå før. Utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 6,5 daa skog av særs høg bonitet. | Nedbygging av eit areal med skog med særs høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert offentleg infrastruktur i området, men det er infrastruktur tilknytt etablerte bygningar i området rundt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944, men ikkje veglys eller fortau. Privat tilkomstveg er grusa, utan veglys eller fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg om lag 5 km frå Førde sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 6,5 daa skog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone, som ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i området. Ønska arealbruk er fritid- og turisme. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon. Utleigehytter er til dømes ikkje tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone, men mindre privatiserande tiltak tilknytt fritid- og turismeføremålet kan vurderast innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er såleis vurdert til å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.   | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. | | |

**ROS-analyse**

| **Naturfare** | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Austre del av innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for skred (snøskred og steinsprang). Det er ikkje registrert fareområde eller tidlegare skredhend-ingar. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morene. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Austre del av innspelet ligg til sjø og vil difor verta råka av stormflo/havnivå-stigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 4,3 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **-2** | **0** | **-1** | **-1** | **0** | **-1** | **+1** |

Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområdet, som grensar til ein privat veg og andre etablerte tiltak. Arealet ligg i hovudsak innanfor funksjonell strandsone, som går i 100-metersbeltet i dette området.

Utleigehytter er til dømes ikkje tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone, men mindre privatiserande tiltak tilknytt fritid- og turismeføremålet kan vurderast innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er såleis vurdert til å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.

Området vil krevje detaljregulering før realisering, og tilhøvet til plassering av ulike tiltak innanfor funksjonell strandsone må handterast her.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding**

# 4. NÆRINGSBYGNINGAR

## 18.18018 Næringsbygningar, gbnr. 95/1, 2

| Gjeldande arealbruk:<br>LNF | Arealendring |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk:**<br>Næringsbygningar (masseuttak/ industri) |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 244 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg nord for eksisterande næringsføremål N_8 i gjeldande KPA. Det er lite tiltak i området, og delar av næringsføremålet i sør er ikkje bygd ut (vest og aust for Kvassåsen). Området er i stor grad skogkledd, med myr og bekk innanfor delar av innspelet. Det er relativt lite busetnad innanfor innspelet, men eit par hus ligg langs Hinderlivegen. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Terrenginngrep<br>Behov for næringsareal i dette området<br>Bruksbehov av området etter masseuttak |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog, myr<br>Naturtypar: Ingen registreringar. Området er ikkje omfatta av NiN-naturtyperegistreringa. I rapporten Kartlegging av kystlynghei i Hordaland frå 2012 er området vist med kystlynghei i attgroing.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt.<br><br>Innspelet består av eit stort, urørt område, som består av skog og myr, og truleg kystlynghei. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av slakt til småkupert middels kupert ås- og fjellandskap (NiN).<br>Innspelet ligg innanfor landskapstype kysthei, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Terrenget innanfor innspelet er kupert, der norddelen av innspelet vil dekkja ei kolle, sørdelen av innspelet er slakt og ope terreng. Området rundt er bygd med spreidde bustader, samt at det er etablert næringsareal sør for innspelet.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Ei utbygging (steinuttak) i området vil medføre større negative konsekvensar for landskap, med vesentlege terrenginngrep. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Innspelet består i stor grad av lauvskog med høg bonitet (163,8 daa) og delar av særs høg bonitet (20,2 daa). Det er også myr innanfor innspelet (ca. 20,1 daa) | Ei utbygging medfører tap av skogareal med høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet har etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, ligg i tilknyting til eksisterande næringsområde, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod og fortau langs fv. 47. | | +1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | For einebustadane langs Hinderlivegen i vest og på Stølshaugane aust for innspelsområdet kan auka næringsaktivitet medføra meir støy og støv for innbyggjarar. Avhengig av kva næring som blir plassert på arealet etter masseuttaket er gjennomført vil ha påverknad på nærmiljøet og stadutviklinga. Det er viktig å finne rett behov, utan å undergrave næringane i nærleiken (Sveio sentrum). Det er om lag 4 km til Sveio sentrum. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Produktiv skog med høg (163,8 daa) og særs høg (20,2 daa) bonitet, samt myr som har stor evne til å ta opp og lagre $CO^2$. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Utvida næringsareal vil auka aktiviteten for masseuttaket på Kvassåsen, noko som er positivt for næringa, og vidareføring av drifta og sysselsettinga. | | +1 |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet er ei utviding av eksisterande drift, og vil difor vera av samfunnsnytte for vidare næringsverksemd for området. Det er derimot lite berekraftig å byggje ned urørt natur, der produktiv skog og myr er særskilt viktig. Det er difor viktig at arealet med skog av særs høg bonitet og myr ikkje blir nedbygd i eksisterande næringsareal (N_8) og i innspelsområdet. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje under marin grense. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Auka aktivitet for masseuttak kan medføra til auka trafikk, noko som kan redusera trafikktryggleiken for innbyggjarane som bur og nyttar Hinderlivegen. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. Verdiar/samfunn |
| | Innspelet vil medføra auka støy i nærområdet frå arbeidet med masseuttaket. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er registrert høgspentleidningar som går gjennom sørlege del av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 2 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | 0 | -3 | 0 | -2 | +1 | -1 | -2 | +1 |

Innspelet vil ha negative innverknadar for natur, landskap, naturressursar og nærmiljø og stadutvikling. Det er særskilt dei karbonrike areala frå myr og produktiv skog som vil kunna verta råka. Det er difor å tilrå at innspelet vert justert for å unngå områda med skog av særs høg bonitet og myr vert bygd ned.

Ettersom det også er unytta areal for næring i aust og vest for etablert masseuttak, bør det også vurderast om innspelet skal erstatte dei delane av næringsføremålet i eksisterande plan som ikkje blir nytta (også der er det mykje myr å ta omsyn til).

ROS-analyse: Trafikktryggleik og støy.

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding. Innspelet bør justerast for å ikkje koma i konflikt med karbonrike areal. Justere eksisterande næringsareal i frå gjeldande KPA til å tilpasse innspelet.**

# 5. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG

## 16.11507_1, 16.11507_3, 19_4863_1 og 19.4863_2 Andre typar bygningar og anlegg (naust), og 19.4863_3 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 102/31 m.fl.

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF -spreidd bustad (land)<br>Friluftsområde (sjø)</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>16.11507_1 og _3, 19_4863_1 og _2 (1): Naust<br>19_4863_3 (2): Småbåtanlegg<br><br>Det er fleire innspel på naust i området. Desse er slått saman, slik at det er gjennomført ein felles KU for heile naustområdet.</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>16.11507_1 og _3, 19_4863_1 og _2 (1): Om lag 4 daa<br>19_4863_3 (2): Om lag 2,5 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg på Rødsneset, inst i Rødspollen. Det er ein blanding av einebustader, fritidsbygg og naust på Rødsneset. E39 går på sørsida av vika og innspela. Det er 9 eksisterande naust og eitt fritidsbygg i området. Alle bygga har tilhøyrande brygger, og det er såleis allereie fleire tiltak innanfor innspel 2 (småbåtanlegg).</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: bebygd, noko skog av høg bonitet heilt i nord.<br>Naturtypar: Sjøområda utanfor innspelet er registrert som naturtypen ålegrassamfunn, med verdi Viktig. Naturtyperegistreringa overlappar med innspel 2 lengst i sør.<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.<br>Endring av føremål til småbåtanlegg vil kunne vera negativt for registrert ålegrassamfunn, men det er allereie relativt tett utbygd med tiltak i området. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert. | Området er allereie i stor grad bygd ut, og det vil såleis vera avgrensa konsekvens av å endra arealføremål. Ein må | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Strandsona i området er i all hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna buffersone kring fritidsbygg og einebustader. | sikre framkome til sjø for ålmenta. | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Naustområdet ligg inst i Rødspollen, og er i stor grad utbygd. Den nordlegaste delen av innspelet er ikkje bygd ut. Denne delen ligg i ei vik som er utan tiltak i dag.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Endring av føremål vil ikkje medføre vesentlege endringar for landskap. Utbygging med naust i den nordlegaste delen av innspelet vil ha negative konsekvensar for vika som denne er ein del av. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg i området. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er eit lite område med blandingsskog nord i innspelet, elles er det ikkje registrert naturressursar på land eller i sjø i området. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er allereie etablert veg i bakkant av naustområdet. Området er elles i all hovudsak bygd ut, og naudsynt teknisk infrastruktur er truleg allereie på plass. | | +1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet er allereie i stor grad utbygd med i hovudsak naust og brygger. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert eit mindre areal med blandingsskog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | 0 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då området i stor grad er bygd ut. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Området har allereie etablerte naust og småbåtanlegg, og ei endring i føremål vil vera ei justering til utbygd situasjon. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspela. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er allereie etablert vegtilkomst til området. Ei endring av føremål vil ikkje medføre endring i trafikktryggleik. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Deler av innspela ligg innanfor gul støysone frå E-39. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 3,5 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-1** | **0** | **0** | **+1** | **0** | **0** | **x** |

Innspela på land er i stor grad bygd ut med naust og ein fritidsbustad. Det er vurdert at endring av føremål ikkje vil medføre vesentlege negative konsekvensar. Den nordlegaste delen av innspelet er ikkje bygd ut. Dette området utgjer den sørlege delen av ei vik. Dette området bør ikkje byggast ut, av omsyn til landskap og strandsoneverdiane i området.

Sjøområdet er òg i stor grad bygd ut med brygger. Innspelet overlappar så vidt med naturtypen Ålegrassamfunn, med verdi Viktig. Innspelet vert likevel tilrådd justert, då området i all hovudsak allereie er bygd ut med brygger. Av omsyn til registrert naturtype bør føremålet ikkje strekka seg lenger ut enn til allereie etablerte tiltak.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy

**Fagleg tilråding innspel 1 (16.11507_1 og_3, 19_4863_1 og _2): Positiv tilråding.**

**Fagleg tilråding innspel 2 (19_4863_3): Positiv tilråding. Arealet må avgrensast utover i sjøen til etablerte tiltak.**

## 16.11507_2 og 22.4788_1 Andre typar bygningar og anlegg (naust) og 16.11507_4 og 22.4788_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 102/4 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF – spreidd bustad<br>Friluftsområde i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>16.11507_2 og 22.4788_1 (1): Naust (vurdert samla)<br>22.4788_2 og 16.11507_4 (2): Småbåtanlegg (vurdert samla). 16.11507_4 er lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 16.11507_2 og 22.4788_1 (1): Om lag 6,4 daa<br>22.4788_2 og 16.11507_4 (2): Om lag 5,3 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ved Rødsaga, inst i Rødspollen. Deler av området er bygd ut med naust og brygger, men det er også område utan tiltak innanfor innspelet. Det er elles ein blanding av einebustader, fritidsbygg og naust i området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Innmarksbeite, skog, bebygd<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Nordflaggermus (VU) er registrert like utanfor innspelet. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br>Strandsona i området er i hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna nærliggande einebustader og fritidsbygg. Eit område om lag midt i vika er registrert som potensielt tilgjengeleg. | Det er i dag mogleg å gå ned til sjøen fleire stader i innspelsområdet. Bygging av fleire naust i området vil medføre auka arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert (NiN). Innspela ligg innan- | Det er fleire tiltak/naust innanfor innspelet, og endring | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | for landskapstype Våg- og smalsund-landskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional saman-heng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Naustområdet ligg inst i Rødspollen, og er dels utbygd med naust i dag.<br>Det er varierande hellingsgrad i området.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | av føremål vil ikkje medføre vesentlege endringar med omsyn til landskap. Bygging av fleire naust vil likevel medføre terrenginngrep i strandsona. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Eitt av nausta vest i området (Rødsaga) er SEFSAK-registrert (raud kategori). Det er i tillegg registrert fleire tufter/ ruinar i same området (grå kategori). Eksisterande bygg er datert til 1800-talet, mens ruinane er datert til 1700- og 1800-talet. | Endring av føremål kan med-føre negative konsekvensar for SEFRAK-registrerte naust og tufter. | -1 |
| **Naturressursar** | Det er registrert eit felt med innmarks-beite, og nokre område med lauvskog og blandingsskog av høg bonitet i om-rådet. Det er ikkje registrert fiskeriinte-resser innanfor innspelet. | Utbygging i området kan medføre tap av innmarks-beite og skog av høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er vegsamband i nærleiken av området, men ikkje direkte etablert vegtilkomst til innspelet, med unntak av til etablerte naust. Det vil truleg vera greitt å kopla seg på eksisterande infrastruktur. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet er dels utbygd med naust i dag. Området ligg om lag 5 km frå Førde sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert område med karbonrike areal i form av skog av høg bonitet og innmarksbeite innanfor innspelet. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant . | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone og byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då deler av innspelet er bygd ut med naust. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Området har allereie etablerte naust og småbåtanlegg. Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk dei områda som er urørte i funksjonell strandsone til utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Deler av innspelet, ved Rødsaga, overlappar med aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning. | | |

| Menneske- og verksemdbaserte farar | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje tilkomstveg heilt fram til området i dag. Innspelet vil gi opning for nokre få nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Den vestlege delen av innspelet er omfatta av gul støysone frå Øklandsvegen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 4 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -1 | -1 | -1 | 0 | 0 | -1 | x |

Innspelet er dels utbygd med naust i dag, men det er også område med urørt strandsone i området. Området er stort og kan potensielt opna for mange tiltak. Området bør detaljregulerast, der ein sikrar opne område og tilgang til strandsona, samt innmarksbeite.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, støy, stråling frå høgspent.

**Fagleg tilråding innspel 1 (16.11507_2 og 22.4788_1) og 2 (22.4788_2 og 16.11507_4): Positiv tilråding.**

## 19.13898 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 84 /1

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Andre typar bygningar og anlegg (vindkraftverk)<br><br>Det er planlagt to vindturbinar med totalhøgd på ca. 200 meter, og ein årsproduksjon på ca. 30 GWh . | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Om lag 107 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på austsida av Kvernavatnet, i eit område som i hovudsak er utan tiltak i dag. Det er etablert tilkomstveg fram til området. Det er lite busetnad i nærområdet, og arealet består av eit større myrområde, eit større område som er nydyrka, og ein del skog. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Landskap<br>Urørt område<br>Etablering av vindkraftverk i kommunen |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: myr, fulldyrka jord og skog (barskog, i hovudsak høg bonitet, noko særs høg bonitet).<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Innspelet ligg innanfor det viktige viltområdet Lier-vatnet mm. Området er registrert som viktig, og består av skog, vatn/ våtmark.<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Innspelet ligg midt eit viktig viltområde, og består i stor grad av urørte skog- og myrområde. Innspelet vil ha vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert | Det er ingen kjende registreringar av friluftslivsinteresser i området, og såleis ingen kjende konsekvensar for friluftsliv. Området består i stor grad av myr og | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | beiteområde, og er truleg ikkje mykje brukt til frilufts-liv. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskaps-området Moldbrekka, som er ein del av landskapstypen Vestlandets skogsåser. Området er registrert med verdi 2.<br><br>Området er småkupert, og består av eit større myrområde, eit større om-råde med dyrka mark, og ein del skog. Det er ingen busetnad innanfor eller tett på innspelet.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Etablering av vindmøller i området vil ha vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRASK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er registrert om lag 35 daa full-dyrka mark innanfor innspelet, og om lag 35 daa barskog med høg og dels særs høg bonitet. | Etablering av vindkraftverk innanfor innspelet vil med-føre tap av fulldyrka mark og barskog av høg bonitet. | -3 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er vegframføring til området. Det vil truleg vera behov for å eta-blera ein del annan infrastruktur i området. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område der det ikkje er etablert andre tiltak/ bu-setnad i dag, verken innanfor innspelet eller i områda kring innspelet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Innspelet består i stor grad av karbonrike areal, både i form av myr, fulldyrka mark og skog av høg bonitet. | | -3 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Etablering av vindkraftverk i området kan medføre lokal verdiskaping i prosjekterings-, bygge og driftsfasen. | | +1 |
| **Strandsone** | Ikkje relevant | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Vindkraft er fornybar energi, og i følgje innspelet kan to vindturbinar i dette området produsere halvparten av energibehovet i kommunen. Det er derimot lite berekraftig å byggje ned urørt natur og dyrka mark. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg over marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Støy er ein problemstilling som må utgreiast i samband med ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet, men det går ein høgspentleidning eit stykke nord for innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | 0 | -3 | 0 | -3 | 0 | 0 | -3 | +1 |

Vindkraft er fornybar energi, og i følgje innspelet kan to vindturbinar i dette området produsere halvparten av energibehovet til kommunen. Innspelet omfattar eit område som består av om lag like deler fulldyrka mark, myr og skog av høg eller særs høg bonitet, og innspelet ligg midt i eit område registrert som eit viktig viltområde. Etablering av vindkraftverk i området vil ha vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald, naturressursar, landskap, og vil vera negativt med omsyn til nedbygging av karbonrike areal.

På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 20.10857_1 Andre typar bygningar og anlegg (naust), og 20.10857_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 104/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Fritidsføremål<br>**Planlagt arealbruk:**<br>20.10857_1 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>20.10857_2 (2): Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 20.10857_1 (1): 0,5 daa<br>20.10857_2 (2): 0,9 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i Ålfjorden, på sørsida av Ervessundet. Det er fritidsføremål i området i dag, og områda nord og vest for innspelet er bygd ut med fritidsbustader. Innanfor innspelsområdet er det etablert brygger og båtopptrekk. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av høg bonitet<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br><br>Innspela ligg i strandsona. Den austlege delen av innspelet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, mens den vestlege delen er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna nærliggande fritidsbustader. | Det er i dag tilgang til strandsona og sjøen i området. Bygging av naust i området vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor landskapsområdet Ålfjorden, som er ein del av landskapstypen middels brede fjordløp. | Utbygging med naust og vidare fortetting med brygger i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ein del tiltak innanfor inn-spela i dag, i form av båtopptrekk og brygger. Området ber preg av utbygging med fritidsbustader og naust/brygger. Det er relativt flatt i området.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Arealet på land består av lauvskog av høg bonitet. Det er ikkje regi-strert dyrka mark innanfor innspel-et.<br><br>Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap i sjø-områda utanfor innspela, men desse er ikkje overlappande med innspela. | Skogen i området er såpass liten at den ikkje vil ha verdi som naturressurs. Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst til området i dag, men det er tilkomst til til-grensande område, og det er etablert stiar ned til sjøen i området. Det er truleg mogleg å kopla seg til infrastruktur i tilliggjande område. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Områda kring innspela er bygd ut med fritidsbustader, naust og brygger. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert karbonrike areal i form av skog med høg bonitet innanfor innspel 1. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | x |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strand-sonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er fleire tiltak i området, mellom anna brygger og båtopptrekk. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Det er likevel positivt å endra føremål til naust og småbåtanlegg, som vil vera mindre privatiserande for ålmenta enn fritidsføremål | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspela. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspela. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Naust i området vil truleg vera tilknytt fritidsbustadane i nærleiken, og endring av føremål vil såleis truleg ikkje ha særskilt innverknad på trafikktryggleik. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil heller ikkje sjølv medføre støy av betydning. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor innspelet, men det er registrert ein sjøkabel i den austlege delen av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde sentrum , om lag 7,5 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **1: -2**<br>**2: -1** | **-1** | **0** | **0** | **0** | **0** | **-1** | **X** |

Innspela ligg i tilknyting til område som allereie er bygd ut med fritidsbustader, naust og brygger. Det er fritidsføremål i området i dag, og det er såleis allereie avsett til utbyggingsføremål. Det er allereie ein del tiltak i området, som til dømes brygger og båtopptrekk. Innspela er ikkje i vesentleg konflikt med kjende registreringar. På bakgrunn av dette vert innspela tilrådd positivt.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.

**Fagleg tilråding innspel 1 (20.10857_1) og 2 (20.10857_2): Positiv tilråding**

# 6. KOMBINERTE FØREMÅL

## 18.14953_1 Kombinert føremål (bustader og fritidsbustader), gbnr. 102/30, 12

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF-spreidd busetnad | **Arealendring** |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Kombinert føremål for bustad og fritidsbusetnad |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18,6 daa |
| **Skildring av området** | Området er eit gardsbruk som ligg vest langs Rødspollen. Det er LNF-spreidd busetnad i området i dag. Sør for innspelsområdet er det registrert heilårsbustadar, der nokre er nytta som fritidsbustadar. Området er skogdekka i eit bratt terreng ned mot sjøen. Innspelet ligg i hovudsak innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturtypar<br>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader og fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Barskog av høg bonitet, innmarksbeite og fulldyrka jord<br>Naturtypar: ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: ikkje registrert<br><br>Innspelet ligg i hovudsak innanfor funksjonell strandsone. Større delar av innspelet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, | Det er i dag tilgang til strandsona og sjøen i området. Bygging av bustader/fritidsbustader i området vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | det er berre ytterkantane i nord og sør som er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna nærliggande bustader. | | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelsområdet ligg vest langs Rødspollen, og grensar til utbygde område for bustadar i nord og sør. Området skrår seg bratt ned i frå kote +27 mot sjø.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>[Kommunekart 3D] | Området er i frå før utan særlege tiltak, men det er etablert spreidd busetnad lenger nord og sør. Ei fortetting vil medføre noko endringar i landskapsuttrykk. Ettersom området ned mot sjø i frå vegen er svært bratt vil etablering av tiltak kunne bety større terrenginngrep som, vil gi negative verknader for landskap og landskapsuttrykk. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er registrert om lag 3,8 daa fulldyrka mark innanfor innspelet, i tillegg til innmarksbeite og om lag 10 daa barskog med høg bonitet. | Etablering av bustadar og fritidsbustadar innanfor innspelet vil medføre tap av fulldyrka mark og barskog av høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er vegframføring, ova-nett og lys til området. Det er ikkje etablert fortau langs Øklandsvegen. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg i eit område der det er etablert tiltak/busetnad i dag, gjeldande KPA har arealføremål LNF-spreidd busetnad som tillèt opp til fem nye einingar innanfor arealføremålet. Innspelet ligg om lag 5,5 km frå Førde sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Dette vil innebere skuleskyss for elevar i 1. -10. klasse (over 4 km). | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Innspelet består i stor grad av karbonrike areal, både i form av fulldyrka mark og skog av høg bonitet. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er kombinert føremål bustad og fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. |  | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg om lag 5,5 km til sentrum av Førde, og området ligg såleis relativt langt frå sentrumsområde i kommunen. Utbygging i strandsona vil | | |

| | |
|---|---|
| | medføre privatisering av eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag. Deler av innspelet er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Etablering av bygningar vil enten medføre beslag av dyrka mark, eller i særs bratt terreng. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg over marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet, men det går ein høgspentleidning eit stykke nord for innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde sentrum, om lag 3 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **-1** | **-1** | **-2** | **X** |

Innspelet omfattar eit område som består av dyrka mark og skog av høg bonitet. Den delen av området som ikkje omfattar dyrka mark er innanfor funksjonell strandsone, med registrert potensielt tilgjengeleg strandsone. Området rundt er bygd med heilårsbustadar, der nokre er nytta som fritidsbustadar. Innspelet er plassert i eit område som er kupert, der det er bratt ned mot sjøen. Området innanfor funksjonell strandsone er veldig kupert og bratt. Etablering av busetnad eller fritidsbusetnad i området vil difor måtte medføre store terrenginngrep som både vil ha nær- og fjernverknadar for landskap og estetikk. Gjeldande kommuneplan viser LNF-spreidd bustad for området, med opp til fem nye einingar tillate for arealføremålet. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 23.7327_4 Kombinert føremål (Hamneområde i sjø og næringsbygningar), gbnr. 109/3

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring** |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Kombinert føremål for hamne-<br>område i sjø og næringsbygningar |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 26 daa |
| **Skildring av området** | Området ligg på Framnes, ut mot Ålfjorden. Det er eit skogkledd og kupert LNF-område, og om lag halve innspelet er sjø. Området rundt er gardsbruk, og eit større næring/hamne område vil måtte ha transport/ infrastruktur gjennom gardsområdet via vegnettet der. Innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Friluftsliv<br>Landskap<br>Nærmiljø |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: lauvskog av særs høg bonitet, lite område innmarksbeite.<br>Naturtypar: ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjo-nar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og naturma-ngfaldet i strandsona er gen-relt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: ikkje registrert. Sør for innspelet ligg Framnes/Rindane, som er eit registrert nærturterreng. Dette | Det er i dag tilgang til strand-sona og sjøen i området, med ei fin stein- og sand-strand langs sjøkanten. Sør for området er det registrert friluftsområde. Bygging av | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | området er også omfatta av omsynssone for friluftsliv i gjeldande kommuneplan.<br>Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona i strandsona (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone. Innspelsområdet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med stor helling. | hamn og næringsbygningar i området vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg i landskapsområdet Ålfjorden, som er ein del av middels breie fjordlaup. Området er registrert med landskapsverdi 3 – middels verdi.<br>Innspelsområdet er skogkledd og kupert, det stig frå sjø og opp mot kote +30. Lenger oppover ligg Framnesknotten på kote +152. Ved sjø er det strand med stein og sand som er fin for friluftslivinteresser. Området grensar til friluftsområde i sør og gardsbruk i nord.<br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Utbygging av næringsføremål og hamn vil ha vesentlege konsekvensar for landskapet. Nærliggjande bustadar og gardsbruk vil ha utsikt til innspelsområdet, samt at fjernverknadane frå sjø og i landskapsbiletet vil bli råka. Tiltak vil krevje vesentlege terrenginngrep i strandsona. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Det er registrert tre lausfunn av gjenstandar frå steinalderen nord for innspelsområdet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er registrert om lag 10,5 daa skog av særs høg bonitet<br>Delar av innspelsområdet i sør kjem borti registrert fiskeområde i Ålfjorden | Etablering av næringsbygg og hamn innanfor innspelet vil medføre tap av skog av særs høg bonitet, og innspelet kan medføre negative konsekvensar for registrert fiskeområde. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur til området. Det er infrastruktur til gardsbruk i nærområdet, som ein truleg kan kopla seg på. Det er lagt til rette landbruksveg mot innspelsområdet frå fv. 4944. Det er ikkje fortau langs Ålfjordvegen. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Området er i stor grad eit spreidd bygd gardsområde, med bustadar, landbruksareal og naust. Området føreslått er utanfor landbruksarealet, men dekkjer det som ser ut til å vera ei potensiell strand for bading og rekreasjon. Næringsaktivitet vil medføre auka trafikk gjennom bustadområdet og landbruket, noko som kan ha negative konsekvensar for nærmiljøet. Innspelet ligg om lag 6 km frå Førde sentrum. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | 10,5 daa skog med svært høg bonitet, som blir rekna som karbonrike arealtype. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Det er eit behov for hamneområde i Sveio kommune, og ei hamn med tilhøyrande næringsbygningar langs Ålfjorden vil kunne vera positivt for næringslivet i Sveio kommune, og knyta seg til næringsaktiviteten på andre sida av Ålfjorden. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir | | |

| | |
|---|---|
| | grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3. SPR seier at behovet for nærings-utvikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, så lenge området vert nytta til sjøretta næring. Området innanfor strandsona er likevel veldig kupert og bratt. Etablering av næringsbygningar og hamn i området vil difor måtte medføre store terrenginngrep som både vil ha nær- og fjernverknadar for landskap og estetikk. |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Det vil vera nyttig for Sveio kommune å få lagt til rette med meir hamne- og kaiområde til ulik aktivitet i fjorden, og næringsområde og småbåthamn er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Tiltaket vil også medføre nedbygging av karbonrike areal, noko som tilseier at innspelet ikkje er miljømessig berekraftig. Positiv tilråding av slike område skal grunnast i behovsvurdering. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som avhengig av kva næringsaktivitet vil kunne føre til ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde sentrum, om lag 5,5 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **-2** | **0** | **-1** | **-1** | **-1** | **-1** | **+1** |
| Innspelet omfattar eit skogkledd og kupert areal med skog av særs høg bonitet. Området rundt er omfatta av landbruk, bustadar og naust, samt at det er omsynssone for friluftsliv sør for innspelsområdet. Det er ikkje | | | | | | | | |

| |
|---|
| infrastruktur til området, anna enn ein landbruksveg. Eventuell næringstransport vil måtte køyre gjennom gardsområda, noko som kan ha negative konsekvensar for nærmiljøet.<br><br>Innspelet ligg i strandsona, og ønska arealbruk er kombinert hamneområde i sjø og næringsbygg. SPR seier at behovet for næringsareal til sjø skal prioriterast i strandsona, og at tiltak som brygger, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg kan tillatast nær sjø. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiar/SPR.<br><br>Dette er eit urørt område i strandsona, og ei utbygging i området vil ha vesentlege negative konsekvensar for mellom anna friluftsliv, landskap og naturressursar. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. Det er gjennomført innspelsrundar der det er kome fleire innspel på næringsområde til sjø for sjøretta næring. Det er behov for å sjå på desse områda heilskapleg, og vurdere behovet opp mot eksisterande næringsområde i delområda. Det er vesentlege negative konsekvensar av innspelet for fleire tema, men området kan vera aktuelt til sjøretta næring ved behov.<br><br>ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik |
| **Fagleg tilråding innspel: Området kan tilrådast positivt etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av sjøretta næring og småbåthamner i kommunen.** |

## 23.7327_8_2 Kombinert føremål (Småbåthamn og hamn), og 23.7327_8_2_1 Kombinert føremål (Næringsbygningar og bustader), gbnr. 121/12 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>23.7327_8_2 (1): LNF (land) og friluftsliv (sjø)<br>23.7327_8_2_1 (2): Næring | **Arealendring** |
| **Planlagt arealbruk:**<br>23.7327_8_2 (1): Kombinert føremål for småbåthamn og hamn<br>23.7327_8_2_1 (2): Kombinert føremål næringsbygningar og bustadar |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 23.7327_8_2 (1): 52,6 daa<br>23.7327_8_2_1 (2): 19,4 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg like sør for Førde sentrum. Området er i gjeldande KPA næringsføremål, samt at vestleg og nordleg del av innspel (1) er LNF og friluftsområde i sjø. Næringsarealet er i dag i hovudsak nytta som fritid og turisme i form av hytter og utleigehytter. Innspel 1 ligg i all hovudsak innanfor funksjonell strandsone, mens ein mindre del av innspel 2 ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: barskog av høg og særs høg bonitet, dyrka mark.<br>Naturtypar: ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag av dyrka mark og skog av høg og særs høg bonitet, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: ikkje registrert<br><br>Innspelet ligg i strandsona. Større delar av innspelet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. | Det er i dag tilgang til strand-sona og sjøen i området. Utbygging av området med hamn og næringsføremål vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona som i dag er dels tilgjengeleg for rekreasjon. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NIN). Innspela ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelsområdet ligg i eit skogkledd, kupert område, med ei sandstrand med relativt langgrunn sjø. Innspelet grensar til utleigehytter i aust og naust i vest.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | 1: Innspelet vil medføre terrenginngrep og ha vesentlege konsekvensar for landskapsuttrykket i området. Det vil medføre nedbygging av ei strand. Då området er inne i ei vik vil ikkje fjernverknadane vera veldig store.<br>2: Innspelsområdet er allereie dels bygd ut med utleigehytter og bustad, arealføremålsendringa vil difor ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskapet i området. | 1: -2<br><br>2: -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er registrert om lag 12,6 daa skog av særs høg bonitet, 20,2 daa skog av høg bonitet, 0,3 daa fulldyrka mark | Innspelet vil medføre tap av skogareal med høg og særs høg bonitet og eit mindre areal fulldyrka mark. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er infrastruktur i området, men ikkje vegtilkomst over heile arealet. Det går truleg an å kople seg på vegtilkomstane i aust og vest for innspelet. det er ikkje fortau langs Beinmyrvegen, men det er GS-veg langs E-39 inn til Førde sentrum. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg under 1 km frå Førde sentrum med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg.<br>Større hamn og næringsanlegg i nærleiken av utleigehytter kan stengje området meir av for ålmenta, noko som vil ha negative verknadar for nærmiljøet og bruken av området. Småbåthamn og hamn kan derimot også opne for meir turisme og aktivitet i Førde sentrum. Kombinert føremål med fritids- og turisme samt bustad kan vera positivt for nærmiljøet og stadutviklinga, og kan gi positive ringverknadar for aktiviteten i Førde sentrum og handel der. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | Skog av høg og særs høg bonitet og mindre areal dyrka mark. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Avhengig av kva type næring som blir lagt til området så kan næringsføremålet opna for nye næringsmoglegheiter i området, og for sysselsetting i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad .<br>Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR så lenge det er snakk om småbåthamn/hamn og sjøretta næring.<br>Området innanfor strandsona er likevel veldig kupert og bratt. Etablering av næring og hamn i området vil difor måtte medføre store terrenginngrep som både vil ha nær- og fjernverknadar for landskap og estetikk. | | |

| | |
|---|---|
| |  |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Det vil vera nyttig for Sveio kommune å få lagt til rette med meir kai og småbåthamner til ulik aktivitet i fjorden. Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta.<br>Areala er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspela. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Hav-, fjord- og strandavsetning, som indikerer reell fare for kvikkleire. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde sentrum, like utanfor innspelet (400 m i luftlinje) | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | 1: -2<br>2: -1 | 0 | -1 | -1 | +1 | -1 | +1 |

Innspela omfattar ein del utbygd areal, samt skogkledd kupert areal på land og sjøareal. Innanfor innspelsområde 2 er det i gjeldande KPA arealføremål næring, der det er etablert utleigehytter. For denne type næring er fritids- og turisme eit passande arealføremål for området.

Innspela ligg tett på Førde sentrum, og like vest for innspelsområde 1 er det naust-rekke. Innanfor innspelsområdet til sjø ser det ut til å vera langgrunt, og dette er såleis kanskje ikkje optimal plassering av småbåthamn/hamneområde. Området er utan tiltak i dag, og kan nyttast til friluftsinteresser og rekreasjon.

Med utgangspunkt i eksisterande utleigehytter vil det vera positivt for nærmiljøet og stadutviklinga å leggje til rette for eit friluftsområde som kan nyttast av ålmenta. Ei ev. større næringssatsing som krev store areal og til dels stengjer av området for ålmenta er ikkje å tilrå for dette området. Det bør heller ikkje etablerast annan næring eller hamneområde i sjø så tett på utleigehyttene. Det er allereie etablert småbåthamn inne i Førde sentrum og det ligg ei småbåthamn sørvest for dette området, i Drångsvågen. Det er behov for å sjå heilskapleg på behov og lokalisering av eksisterande småbåthamner i området. Innspel 1 vert såleis tilrådd positivt dersom ein finn at det er behov for småbåthamn i området. Hamneområde i sjø eller næringsføremål på land kan ikkje tilråast.

Området vil krevje detaljregulering før realisering, og tilhøvet til plassering av ulike tiltak innanfor funksjonell strandsone må handterast her.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1: Innspelet kan tilrådast positivt etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av småbåthamner i området.**

**Fagleg tilråding innspel 2: Positiv til fritid/turismeføremål**

## 23.7327_9 Kombinert føremål (Hamneområde i sjø og næringsbygningar), gbnr. 113/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF (land) og Friluftsområde (sjø)<br>**Planlagt arealbruk:**<br>Kombinert føremål for hamne-område i sjø og næringsbygningar på land | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 29,6 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Kobbarneset, ut mot Ålfjorden. Innspelsområdet er ubygd og ligg til sjø. Lenger nord og sør er det etablert spreidd fritidsbustader. Heile innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er del av innspelsrunde på næringsareal til sjø. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: impediment, skog, sjø<br>Naturtypar: ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: ikkje registrert<br>Artar: Ingen registreringar innanfor innspelsområdet, utanfor innspelet på Bleikja holmen er det registrert makrellterne (EN), tjeld (NT) og rødstilk (NT). | Tiltaket vil medføre areal-beslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjo-nar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og naturma-ngfaldet i strandsona er gen-relt sårbart for inngrep og arealbeslag.<br><br>Hamne- og næringsområde vil vera negativt for dei raudlista fugleartane som er registrert på holmen Bleikja. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: ikkje registrert | Det er i dag tilgang til stra-ndsona og sjøen i området. Bygging av hamneområde og tilhøyrande næring på land i området vil medføre areal- | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelet ligg i strandsona (byggje-forbodsona og funksjonell strand-sone). Innspelsområdet er registrert som potensielt tilgjengeleg strand-sone, med helling av varierande grad. | beslag og auka privatisering av strandsona. | |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Åpent fjord-landskap med bebyggelse/infra-struktur (NIN). Innspela ligg innanfor landskapstype Middels brede fjord-løp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelsområdet er dels skogkledd og kupert med berg mot sjø. Området grensar til spreidd fritidsbusetnad. Området er bratt frå berg nede ved fjorden opp til ei høgde på kote +67.<br><br>Sjå 3D-kart her: [Kommunekart 3D] | Arealet er urørt og innspelet vil medføre vesentlege terr-enginngrep i urørt natur på land og i sjø. Tiltak vil vera svært synleg frå sjø og hamn /næring vil i stor grad også vera synleg frå Stualand på Sveio-sida og Årvik av Vike-bygd sida av Ålfjorden. Bleikjaholmen vil hindre innsyn ein viss grad. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Landområda består i hovudsak av uproduktiv skog. Innspelet overlappar med registrert fiskefelt i Ålfjorden for aktive og passive reiskap. | Innspelet kan medføre negative konsekvensar for registrerte fiskefelt. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje infrastruktur til innspelsområdet, og det er særs bratt område å leggje til rette infrastruktur til. Håvardsholmvegen går eit godt stykke mot innspelsområdet, men ikkje heile vegen. Det er om lag 2 km til E-39, og vegen går ikkje gjennom tettbygde område. Dommersnes ligg noko lenger sør, på austsida av Ålfjorden. Det er om lag 5 km i luftlinje frå innspelet til Dommersnes. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Områda kring innspelet er spreiddbygde gardsområde og skog. Næringsaktivitet vil medføre auka trafikk i landbruksområdet, men det er få bustader som vil verte påverka. Innspelet ligg om lag 6 km frå Førde sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Ingen registreringar. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Det er eit behov for hamneområde i Sveio kommune, og ei hamn med tilhøyrande næringsbygningar langs Ålfjorden vil kunne vera positivt for næringslivet i Sveio kommune, og knyta seg til næringsaktiviteten på andre sida av Ålfjorden. | | +2 |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland og SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Innspelet er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, så lenge området vert nytta til sjøretta næring. Terrenget i området er kupert og bratt. Etablering av hamn og tilhøyrande næringsbygg i området vil difor måtte medføre store terrenginngrep som både vil ha nær- og fjernverknadar for landskap og estetikk. | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Næringsområde og småbåthamn er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet (aktsemds-område for snøskred, skred og flaumskredfare). | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjøen og vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som avhengig av type næring til området kan medføre auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet, men det går ein høgspentleidning eit stykke nord for innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde sentrum, om lag 3 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | -2 | -2 | 0 | -1 | -2 | 0 | 0 | +2 |

| |
|---|
| Det vil vera nyttig for Sveio kommune å få lagt til rette med meir hamne- og kaiområde til ulik aktivitet i fjorden. Området er bratt og i hovudsak berg/kupert. Området rundt er i liten grad bygd, men det er fire fritidsbustadar nord for innspelsområdet som kan bli råka av eventuelle framtidige næringsverksemder. Det er også registrerte artar på Bleikja holmen utanfor innspelsområdet som kan bli råka.<br>Innspelet omfattar derimot eit urørt areal til sjøen, innanfor funksjonell strandsone. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. Det er gjennomført innspelsrundar der det er kome fleire innspel på næringsområde til sjø for sjøretta næring. Det er behov for å sjå på desse områda heilskapleg, og vurdere behovet opp mot eksisterande næringsområde i delområda. Det er vesentlege negative konsekvensar av innspelet for fleire tema, men området kan vera aktuelt til sjøretta næring ved behov.<br><br>ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy |
| **Fagleg tilråding innspel: Området kan tilrådast positivt etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av sjøretta næring og småbåthamner i kommunen.** |

# 7. FLEIRE FØREMÅL

## 16.11759_1 og _2 Fritidsbusetnad, 16.11759_3 Andre typar bygningar og anlegg (naust) og 16.11759_4 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), gbnr. 105/5

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF på land og Friluftsområde i sjø</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>16.11759_1 (1): Fritidsbusetnad<br>16.11759_2 (2): Fritidsbusetnad<br>16.11759_3 (3): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>16.11759_4 (4): tilhøyrande Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), lagt til av adm.</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>16.11759_1 (1): 6,5 daa<br>16.11759_2 (2): 3,4 daa<br>16.11759_3 (3): 1,1 daa<br>16.11759_4 (4): 1 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg ved innløpet til Ervesvågen. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før, med unntak av høgspentleidningar. Områda rundt ber preg av spreidd busetnad, fritidsbusetnad og naust. Like sør for område 3 ligg det ei sag. Innspelsområda ligg i hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet.</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med særs høg bonitet, innmarksbeite- og fulldyrka jord.<br>Naturtypar: Ingen registreringar på land. I sjø er det registrert eit blautbotnområde på 45,4 daa.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert blautbotnområde, som vert påverka av nye tiltak.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Artar: Hasselrurlav og skotsk øyentrøst (nær truga, NT), med unøyaktig avgrensing. | strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Strandsona er i all hovudsak definert som ikkje potensielt tilgjengeleg, då det her i frå før er inngrep. | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt. Landskapet i området består av eit spreidd utbygd område, som elles består av skog, samt landbruksområde. Området skrår seg i frå kote +20 ned mot sjø.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbyggingsområdet ligg eksponert i strandsona, som vil medføre synlege inngrep. Det er andre inngrep (fritidsbustader og naust med kaiar) i området i frå før. Ei vidare utbygging i området vil presse landskapsrommet som vert smalt i inste del før brua. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | 1, 3-4: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturmiljø eller kulturminne innanfor innspela. Sagbruket som ligg like sør for 3 og 4 er synt som omsynssone H570_ 133B i kulturminneplanen. Sagbruket er i frå 1900-talet, og er det einaste operative sagbruket i området, som vidarefører ei næring som har vore viktig sidan 1600-talet.<br>2: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturmiljø eller kulturminne innanfor innspelet men det er synt som omsynssone H570_ 132B i kulturminneplanen. Dette er ei Lemstove frå 1700-talet og ruin etter løe. | 1, 3-4: Sagbruksbygningen ligg utanfor innspelsområdet og vert såleis bevart. Bygningen ikkje særskilt sårbar for påverknad i området rundt.<br>2: Planane kan komma i konflikt med kulturminneverdiar. Nybygg bør tilpassast det eksisterande kulturmiljøet i utforming/skala og kor tett innpå det blir bygd. | 1: 0<br>2: -2<br>3: 0<br>4: 0 |
| **Naturressursar** | 1: 6,5 daa skog med særs høg bonitet<br>2: 1,3 daa fulldyrka jord og 2,2 daa innmarksbeite<br>3: 1,1 daa skog med særs høg bonitet | 1: Ei utbygging medføre tap av eit område skog med særs høg bonitet.<br>2: Ei utbygging medføre tap av innmarksbeite og fulldyrka jord. Denne vert p.t. ikkje slått maskinelt.<br>3: Ei utbygging medføre tap av eit mindre område skog med særs høg bonitet.<br>4: Ingen kjende konsekvensar. | 1: -1<br>2: -2<br>3: 0<br>4: 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert kommunal infrastruktur i området. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944 Ålfjordvegen, men ikkje fortau eller veglys. Det er smal farlei under brua, der motsett side er bygd med naust og småbåtanlegg. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande spreidd utbyggingsområde, samt tilhøyrande naust og småbåtanlegg. Nærmiljøet her ber preg | | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| | av bustader, fritidsbustader, naust og elles urørte skogsområde.<br>Innspela ligg om lag 8,5 km frå Førde sentrum. | |
| **Karbonrike areal** | 7,6 daa skog med særs høg bonitet, 2,2 daa innmarksbeite og 1,3 daa fulldyrka jord, som er definert som karbonrike areal. | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg i hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritidsbustad, naust og småbåtanlegg.<br>1-2: Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er såleis i all hovudsak i strid med strandsonerettleiaren/ SPR.<br>3-4: Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad.<br><br>Innspela er såleis ikkje vurdert til å vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader, naust og småbåtanlegg har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Det er mange ledige nausttomter på austsida av vågen.<br><br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelsområda ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor aktsemds- eller fareområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspel 1-2 vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspel 3-4 vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje etablert vegframføring med tilhøyrande løysing for mjuke trafikantar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone langs fv. 4944. Det er ingen støyande verksemder, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Kva gjeld sagbruket er dette eit kulturminne, og i følgje reguleringsplanen er ikkje støy eit tema. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1-2: Det er registrert høgspentleidningar innanfor innspela, der den for område 2 deler det i to. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 3-4: Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7,5 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 1: 0<br>2: -2<br>3: 0<br>4: 0 | 1: -1<br>2: -2<br>3: 0<br>4: 0 | -2 | 0 | -1 | X |

Innspelsområda er i dag ikkje bygd, men området rundt ber preg av spreidd utbygging med bustader, fritidsbustader og naust med tilhøyrande kaiar, som ligg eksponert til i strandsona.. Område 2 vil i tillegg føre til ei omdisponering av fulldyrka jord. Sjøarealet på andre sida av brua er allereie bygd med naust og småbåtanlegg (i tråd med KPA), og ei utbygging på begge tider vil påverke farleia negativt, samt påverke landskapet negativt.
Innspelsområda ligg i hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strandsone. Innspela er i all hovudsak i strid med strandsonerettleiaren/ SPR, då det er snakk om fritidsbustader og naust i urørte område.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning (innspelsområde 3-4), trafikktryggleik, stråling (område 1-2).

**Fagleg tilråding innspel 1 (16.11759_1), 2 (16.11759_2), 3 (16.11759_3) og 4 (16.11759_4): Negativ tilråding**

## 16.3111_1 Fritidsbusetnad, 16.3111_2 Naust, 20.1431 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), 23.2034 Fritidsbusetnad, gbnr. 107/2 og 42

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF, Fritidsbustad, Naust<br>Friluftsområde i sjø<br>Omsynssone friluftsliv | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>16.3111_1 (1): Fritidsbusetnad<br>16.3111_2 (2): Naust<br>20.1431 (3): Småbåtanlegg<br>23.2034 (4): Fritidsbusetnad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 16.3111_1 (1): 11,6 daa<br>16.3111_2 (2): 4,7 daa<br>20.1431 (3): 1,7 daa<br>23.2034 (4): 2,9 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på austsida av Ervessundet, ved Oaneset. Innspela 1, 2 og 3 grensar til hytteområde i nord, med tilhøyrande naustområde og småbåthamn. Det er etablerte mindre tiltak innanfor innspela 1 og 2 i området som grensar mot eksisterande utbyggingsføremål. Det er ingen etablerte tiltak innanfor innspel 3. Det er etablert eit fritidsbygg med tilhøyrande kaianlegg innanfor innspel 4. Det går ein tilkomstveg gjennom området, på nedsida av innspel 1, og oppsida av innspel 2 og 4. Innspel 2, 3 og 4 ligg innanfor funksjonell strandsone, mens innspel 1 ligg i hovudsak utanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Omsynssone friluftsliv<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens |
|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: 1-2 og 4: Barskog av særs høg og høg bonitet<br>Naturtypar: Sjøområda i området er registrert som naturtypen bløtbunnsområder i strandsonen, med verdi Viktig.<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.<br><br>Utbygging med småbåtanlegg innanfor innspel 3 kan medføre negative konsekvensar for registrert naturtype. | 1: -1<br>2: -1<br>3: -2<br>4: -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Innspel 1 overlappar så vidt med det registrerte friluftslivområdet Oa/Oaneset. Dette er skildra som eit ikkje tilrettelagt naturområde. Deler av innspelet overlappar også med omsynssone for friluftsliv i gjeldande kommuneplan.<br><br>Deler av innspel 1, og heile innspel 2, 3 og 4 ligg innanfor byggeforbodssona (100-metersbeltet). Innspel 2, 3 og 4 ligg innanfor funksjonell strandsone. Strandsona innanfor innspel 1 og 2 er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg. Strandsona innanfor innspel 4 er i hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna etablert fritidsbustad ved sjøen. | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. Konsekvensen er høgare for innspela 1 og 4 enn for innspel 2 og 3, då naust og småbåtanlegg er mindre privatiserande enn fritidsbustad. | 1: -2<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -2 |
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor landskapsområde Ålfjorden, som er ein del av landskapstypen middels brede fjordløp.<br><br>Det er relativt kupert i området, og høgste punkt innanfor innspel 1 ligg på kote +41, mens tilkomstvegen ligg på +16-18. Ei utbygging innanfor innspela vil vera synleg frå vestsida av fjorden, mens fjernverknaden vil vera liten, då innspela ligg i ein skjerma fjord.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>[https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Ei utbygging i området vil medføre relativt store terrenginngrep i strandsona, og utbygging med hytter innanfor innspel 1 vil medføre silhuettverknad, då innspelet ligg på ein kolle i terrenget. | 1: -2<br>2: -2<br>3: -1<br>4: -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |

<table>
<tr><td>Naturressursar</td><td>1: Barskog av høg bonitet<br>2: Barskog av særs høg og høg bonitet<br>3: Sjø<br>4: Barskog av høg bonitet<br><br>Det ligg fiskefelt for aktive og passive reiskap lenger ute i fjorden, men inn-spela er ikkje i konflikt med desse.</td><td>Utbygging innanfor innspela vil medføre tap av skog med høg og særs høg bonitet.</td><td>1: -1<br>2: -1<br>3: 0<br>4: -1</td></tr>
<tr><td>Teknisk infrastruktur</td><td colspan="2">Det er etablert tilkomstveg til området. Innspela grensar til område som er utbygd, og innanfor innspel 4 er det allereie etablert ei hytte. Områda er såleis relativt godt tilrettelagt med omsyn til infrastruktur.</td><td>+1</td></tr>
<tr><td>Nærmiljø og stadutvikling</td><td colspan="2">Innspela ligg som ei utviding av eit område som allereie er bygd ut med fritidsbustader, naust og småbåtanlegg.<br>Innspela ligg om lag 8,5 km frå Førde sentrum</td><td>0</td></tr>
<tr><td>Karbonrike areal</td><td colspan="2">Det er registrert karbonrike areal i form av skog av høg bonitet innanfor innspel 1, 2 og 4.</td><td>1: -1<br>2: -1<br>3: 0<br>4: -1</td></tr>
<tr><td>Næringsliv og sysselsetting</td><td colspan="2">Ikkje relevant.</td><td>X</td></tr>
<tr><td>Strandsone</td><td colspan="3">Innspela ligg dels eller heilt innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Ønska arealbruk er fritidsbustad, naust og småbåtanlegg.<br>1 og 4: Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør sam-last og lokaliserast til annan busetnad. Innspel 1 ligg i hovudsak utanfor funksjonell strandsone, mens innspel 4 er i strid med strandsonerettleiaren/SPR.<br>2 og 3: Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. . Innspela er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, då det er fleire etablerte naust i områda kring innspela. Det er likevel ikkje etablerte naust innanfor eller tett på innspela.<br><br></td></tr>
<tr><td>Samfunnsnytte og berekraft</td><td colspan="3">Innspela ligg tett på område med etablert infrastruktur. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kultur-tilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader, naust og småbåtanlegg har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Det er mange ledige nausttomter i nærområdet.<br><br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering.</td></tr>
</table>

| **ROS-analyse** |
|---|
| **Naturfare** |

| Skred | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdsområde for skred innanfor innspela. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspela. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspel 2,3 og 4 vil vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er tilkomstveg fram til innspela. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon er i Førde sentrum, om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1: -1 | 1: -2 | 1: -2 | 0 | 1: -1 | +1 | 0 | 1: -1 | X |
| 2: -1 | 2 :-1 | 2 :-2 | | 2 :-1 | | | 2: -1 | |
| 3: -2 | 3: -1 | 3: -1 | | 3: 0 | | | 3: 0 | |
| 4: -1 | 4: -2 | 4: -2 | | 4: -1 | | | 4: -1 | |

Innspelsområda er i dag urørte og kuperte skogsområde, som ligg eksponert til innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og dels innanfor funksjonell strandsone. Det er etablert infrastruktur i nærleiken. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Det er fleire ledige nausttomter i tilgrensande naustområde nord for innspelet, og det er såleis ikkje behov for å sette av ytterlegare areal til naustområde.

Innspel 1 ligg i hovudsak ikkje innanfor funksjonell strandsone. Den delen av innspelet som ligg utanfor funksjonell strandsone, og som ikkje er i konflikt med registrerte friluftslivinteresser kan tilrådast positivt, etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av fritidsbustader i kommunen.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 2 (16.3111_2), 3 (20.1431) og 4 (23.2034): Negativ tilråding**

**Fagleg tilråding innspel 1 (16.3111_1): Området kan tilrådast positivt, justert til utanfor funksjonell strandsone og friluftsområde, etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av fritidsbustader i kommunen**

## 17.17056_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 118/2 og 17.17056_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg)

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF og Fiske</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>17.17056_1 (1): Fritidsbusetnad<br>17.17056_2 (2): Småbåtanlegg<br>(adm. endring i frå småbåthamn)</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>17.17056_1 (1): 80,2 daa<br>17.17056_2 (2): 2,1 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg på austsida av Førdespollen. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før, anna enn ein skogsveg og vassleidning i grunnen. Mot nordvest grensar innspelsområdet til regulert område Liereid hyttefelt. Området mot aust og sør er ubygd skogsområde. Området er kupert, og ligg vestvendt til med gode solforhold. Arealet ligg dels innanfor byggje-forbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Det er presisert i innspelet at alle hyttetomtene skal liggje utanfor 100-metersbeltet.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområ-det.</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med middels til særs høg bonitet, impediment. Naturtypar: Deler av innspelet i nordaust går inn i registrert natur-type Austvikfjellet (kystfuruskog), som er lokalt viktig (C). Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen Strandsona i området er definert som potensielt tilgjengeleg (inngre-psfri), med varierande hellingsgrad | Ei utbygging vil medføre privati-sering av strandsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. Strand i | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | «liten» til «stor» (mellom 0 og 25 grader).<br>Det går ein skogsveg i frå Liereid hyttefelt mot Austvik. Det er ei fin strand i Djupevik. | nord vil påverkast ved etablering av småbåtanlegg.<br>Ålmenta må sikrast tilkomst gjennom området som i dag (skogsveg). | |
